

# HPV 2016 2018

## HPV-vaksine til unge kvinner

Alle kvinner født 1991 og seinare får frå hausten 2016 tilbod om gratis vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine) gjennom et to-årig vaksinasjonsprogram. Programmet tek til i november 2016. Vaksinen tilråds unge kvinner for å førebyggje livmorhalskreft og forstadia til livmorhalskreft grunna HPV-infeksjon.

HPV-infeksjon er den mest vanlege seksuelt overførbare infeksjonen i verden. Dei fleste som er seksuelt aktive blir smitta i løpet av livet, flest i ung alder. Infeksjonen er som regel ufarlig og går over av seg sjølv, men nokon får ein vedvarande infeksjon som på sikt kan føre til livmorhalskreft. Kvart år får om lag 300 kvinner i Norge livmorhalskreft og 65-100 dør av sjukdommen. Vaksinen kan gi beskyttelse sjølv om ein har debutert seksuelt.

HPV-vaksine har vore ein del av barnevaksinasjonsprogrammet til jenter i 7.klasse sidan 2009. Frå hausten 2016 kan uvaksinerte kvinner født 1991 og seinare få tilbod om gratis HPV-vaksine. Tilboden er midlertidig og varer i to år frå november 2016. Vaksinasjonen består av tre doser gitt i løpet av 6-12 månader og vaksinasjon må vera starta innan desember 2018.

**Kvinner som ønsker vaksine tek kontakt med Sogndal helsestasjon for timebestilling frå 1.oktober på telefon 57 62 97 20**

Meir informasjon om HPV og HPV-vaksine:

Folkehelseinstituttets nettside: [www.fhi.no/hpv-vaksine](http://www.fhi.no/hpv-vaksine)